

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 27.10.05 **Tid:** 17.00-21.15

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21, inkl. 21 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Arne Jørgensen  
Geir Markhus  
Odd Lønnebakken

**I staden møtte:**

Harald Dyrøy Jørgensen  
Vidar Rolland  
Jan OveHaga

**Andre som var tilstade på møtet:** Adm.sjef og ass.adm.sjef

**Merknader:** Elin Liøen var ugild under handsaminga av notat vedk. oppdeling av eigedommar. Magda Haugen var ugild i sakene 34/05, 35/05 og 36/05.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 31. oktober 2005

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

**Nils Gåsdal** stilte spørsmål om kvifor sak 16/05 frå oppvekst og omsorg om tilskot til kjøp av handballmål ikkje var sett opp på saklista til dette kommunestyremøtet. Ordførar orienterte om at ho hadde valt pga lang sakliste å utsette denne saka til desembermøtet, evt. endeleg handsaming i PØ – utvalet.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

**John Mange Bøgevik** stilte spørsmål til saksnummereringa i møteprotokollen som han meinte var feil i høve til korleis sakene vart handsama på møtet. Ordførar orienterte om at datasystemet ordnar nummereringa, uttrekk av ei sak som er sett på sakskartet som har fått tildelt saksnummer handterer ikkje systemet.

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Helge Reistad, Brigot Olav Gåsdal og ordførar vert peika ut til å skriva under protokollen.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Sture Tveit** stilte spørsmål om arbeidet med å utarbeida vernereglar for nedslagsfeltet for Fitjavatnet. Han viste til at dette var teke opp i juni 2004 der det var gitt svar om at det vart arbeidd med saka.

Ordføraren orienterte om at det ikkje har vore framdrift i arbeidet pga. vakanse over lengre tid i stillinga til teknisk sjef.

**Helge Reistad** stilte spørsmål om opptak av skulelåna i samband med opprusting av skulane. Adm.sjefen orienterte om at lånesøknaden vil verte sendt i næraste framtid. Midlane kan brukast og i 2006.

**Olaug Øystese** stilte spørsmål om vedlikehaldet på dei kommunale vegane.

Ordføraren orienterte om budsjettsituasjonen på teknisk, og at det er ei utfordring for kommunen å kunna setta av meir midlar til vedlikehald.

**John Magne Bøgevik** stilte spørsmål om status for rehabilitering av Solli. Ordføraren orienterte om at teknisk ikkje har kunne prioritere å få laga ferdig anbodsokumentet.

**Liv Berit Khadoor** spelte inn forslag om å invitere Blå Kors inn til å presentere eit prosjekt dei har omkring førebyggjande rusarbeid.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Notat frå adm.sjefen datert 18.10.05 vedk. oppdeling av eigedomar – orientering til kommunestyret som var sendt ut saman med innkalling. Det vart her innbydd til drøfting.

Elin Liøen stilte spørsmål om ho var ugild under drøftingane av dette notatet. Ho vart samrøystes funnen ugild og tok ikkje del i drøftingane.

Kommunestyret drøfta saka og slutta seg til at det vert utarbeidd ei sak der Samnanger kommune utarbeidar lokale vedtekter for oppdeling av eigedomar.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0032/05	05/00316 <b>TEKSTDEL - KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2000 - 2010</b>
0033/05	05/00178 <b>REVISJON AV OPPLÆRINGSPLAN FOR TILSETTE I SAMNANGER KOMMUNE</b>
0034/05	05/00107 <b>TILLEGGS LØYVINGAR 2005 - BARNEVERN</b>
0035/05	05/00268 <b>MIDLERTIDIG BARNEHAGEAVDELING PÅ HAGA</b>
0036/05	05/00346 <b>OPPRETTING AV RÅD FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE</b>
0037/05	03/00410 <b>VEDTEKT TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 105 OM UTFORMING OG PLASSERING AV ADRESSESKILT</b>
0038/05	05/00087 <b>NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER.</b>
0039/05	05/00165 <b>E 16 ARNATUNNELEN</b>
0040/05	05/00367 <b>BOMPENGESØKNAD "KVAMMAPAKKEN".</b>

0032/05

**TEKSTDEL - KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2000 - 2010****Framlegg til vedtak::**


Visjonen for Samnanger kommune:

**Samnanger - der *du* vil leva og bu.**

Satsingsområda vil vera:

- **Bustad**
- **Arbeid og næring**
- **Infrastruktur**
- **Levekår**
- **Marknadsføring**
- **Kommuneorganisasjonen**

Arbeidet vert organisert etter fylgjande modell:



Medlemne i prosjektgruppa vert leiar i kvar av arbeidsgruppene. Prosjektgruppa utarbeidar mandat og vel medlemmer til arbeidsgruppene.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**


Visjonen for Samnanger kommune:

**Samnanger - der *du* vil leva og bu.**

Satsingsområda vil vera:

- **Bustad**
- **Arbeid og næring**
- **Infrastruktur**
- **Levekår**
- **Marknadsføring**
- **Kommuneorganisasjonen**

Arbeidet vert organisert etter fylgjande modell:



Medlemene i prosjektgruppa vert leiar i kvar av arbeidsgruppene. Prosjektgruppa utarbeidar mandat og vel medlemmer til arbeidsgruppene.

0033/05

## REVISJON AV OPPLÆRINGSPLAN FOR TILSETTE I SAMNANGER KOMMUNE

### Framlegg til vedtak::

###Det framlagde forslaget til opplæringsplan vert vedteke.

### Handsaming i møte:

**Nils Gåsdal** bad om gruppemøte, og møtet vart mellombels heva.

Nils Gåsdal sette fram følgjande framlegg; ”

1. *Arbeidsmiljøutvalet skal framleis gjera vedtak om opplæringsmidlar*
2. *Målet for midlar til opplæring bør vera 0,75 %.*
3. *Førehandsstilsagn om stipend. Dagens ordning vert oppretthalden.*

Gåsdal ønska at det vart røysta punktvis over framlegget.

Det vart først røysta punktvis over Gåsdal sitt framlegg til følgjande punkt:

1. 6 røysta for og 15 røysta imot.
2. 8 røysta for og 13 røysta imot.
3. 7 røysta for og 14 røysta imot.

Framlegget frå Gåsdal fekk ikkje fleirtal på noko punkt, og vart ikkje vedteke.

Til slutt vart det røysta over framlegget frå PØ som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

###Det framlagde forslaget til opplæringsplan vert vedteke.

0034/05

**TILLEGGSLØYVINGAR 2005 - BARNEVERN**

**Framlegg til vedtak:**

Resterande sum tilleggsloøyvingskontoen – kr 287.750 vert overført til konto nr. 1.3201.2520.3000 (barnevernstiltak utanfor familien).

**Handsaming i møte:**

**Magda Haugen** stilte spørsmål om ho var ugild. Ho vart samrøystes funnen ugild og gjekk ifrå under handsaminga.

Møtet vart lukka under drøfting av saka pga. at det vart reist spørsmål i høve til utsendt dokument som er unnateke offentleg innsyn.

Møtet vart opna opp under røystinga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Resterande sum tilleggsloøyvingskontoen – kr 287.750 vert overført til konto nr. 1.3201.2520.3000 (barnevernstiltak utanfor familien).

0035/05

**MIDLERTIDIG BANEHAGEAVDELING PÅ HAGA**

**Handsaming i møte:**

**Liv Berit Khadoor** sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune ynskjer å starte opp ein midlertidig barnehage avd. på Haga.

Oppstarten vert vurdert i budsjettframlegget for 2006. Endeleg handsaming i PØ-utvalet vert 14. og 15. nov og i kommunestyret 15 des. Dersom kommunestyret finn å prioritera barnehageavdelinga, vert det sett ein oppstartdato i vedtaket.”

Arbeidarpartiet bad om gruppemøte.

**Brigt Olav Gåsdal** sette fram følgjande framlegg:

Samnanger kommune startar opp ei mellombels barnehageavdeling på Haga frå 01.01.06, jfr. Saksutgreiinga. Tiltaket skal finansierast i budsjettet 2006”

Brigt Olav Gåsdal bad om at det vart ei prøverøysting av framlegga.

Framlegget frå Khadoor fekk 15 røyster, 6 røysta mot.

Framlegget frå Gåsdal fekk 6 røyster, 15 røysta i mot.

Det vart røysta endeleg over dei to framlegga. 18 røysta for framlegget til Khadoor som vart vedteke. 3 røysta for Gåsdal sitt framlegg.

#### **Vedtak:**

###

Samnanger kommune ynskjer å starte opp ein midlertidig barnehageavd. på Haga.

Oppstarten vert vurdert i budsjettframlegget for 2006. Endeleg handsaming i PØ-utvalet vert

14. og 15. nov og i kommunestyret 15 des. Dersom kommunestyret finn å prioritera

barnehageavdelinga vert det sett ein oppstartdato i vedtaket.

0036/05

### **OPPRETTING AV RÅD FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

#### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune opprettar råd for personar med nedsett funksjonsevne.

Rådet skal ha 3 faste medlemer

Hjørdis Tysse vert kommunen sin representant.

Kommunestyret nemnar opp dei to andre representantane til rådet, samt kven som skal vera leiar og nestleiar.

#### Mandat:

- Vera med å sikre open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Gje uttale i saker som t.d. omfattar tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne.
- I tillegg kan rådet sjølv også ta opp saker som er av interesse for denne gruppe menneske.

#### **Handsaming i møte:**

Magda Haugen er som sakshandsamar ugild i saka,og gjekk ifrå under handsaminga.

I møtet sette **Liv Berit K Khadoor** eit framlegg som var nesten identisk med utsendte framlegg til vedtak men der det vart gjort framlegg om personar til alle verva.

Kommunestyret vedtok samrøystes framlegget frå Khadoor.

#### **Vedtak:**

### Oppretting av råd for personar med nedsett funksjonsevne for inneverande kommunestyreperiode.

-Samnanger kommune opprettar råd for personar med nedsett funksjonsevne.

-Rådet skal ha 3 faste medlemer

-Hjørdis Tysse vert kommunen sin representant og leiar, Thomas Eikeland vert medlem og nestleiar, Kristin Solvåg vert medlem.

Mandat:

- Vera med å sikre open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Gje uttale i saker som t.d. omfattar tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne
- I tillegg kan rådet sjølv også ta opp saker som er av interesse for denne gruppe menneske.

0037/05

**VEDTEKT TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 105 OM UTFORMING OG PLASSERING AV ADRESSESKILT**

**Framlegg til vedtak::**

###Vedtekt til plan- og bygningslova § 105 om utforming og plassering av adresseskilt vert vedteken slik den ligg føre.

**Handsaming i møte:**

Magda Haugen gjekk ifrå som ugild i saka.

**Ordførar** bad om at det i vedtektene vart teken inn følgjande presisering i § 5:

Vedtekta gjeld når plan for adressering og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune er vedteken av kommunestyret.

Det vart røysta over framlegg til vedtekter inkl. presisering i § 5, som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

### Vedtekt til plan- og bygningslova § 105 om utforming og plassering av adresseskilt vert vedteken slik den ligg føre og med følgjande presisering i § 5:

Vedtekta gjeld når plan for adressering og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune er vedteken av kommunestyret.

0038/05

**NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER.**

**Framlegg til vedtak::**

Saka gjeld Statnett sine planar om bygging av ny 420 kV kraftlinje frå Sima til Børdal i Samnanger. Statnett har førehandsmeldt to alternative trasèar gjennom Samnanger. Begge alternativa viser linje i luftspenn.

Samnanger kommune er i hovudsak einig med forslag til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) og dei tema som skal utgreiast. Av dei ulike alternativa som det er vist til i KU-programmet, synest det før konsekvensane er utgreidd som alternativ 1.0 er det beste for Samnanger sin del. Dette alternativet vil fylgja eksisterande 132 kV linje gjennom Samnanger



til Børdalen. Det andre alternativet vil gå nord om Svartavatnet og møte eksisterande 300 kV linje sør om Kvanndalsvatnet.

Etter folkemøte om linja, konkluderar me med at det folk i Samnanger er mest oppteken av er om denne linja på lang eller kort sikt vil tvinga fram ei ny stor 300 (420) kV linje gjennom Samnanger, slik BKK hadde planar om i 1996. Det var i 1996 svært sterke protestar mot begge alternativa som BKK la fram. Kommunen har inntrykk av at motstanden mot desse planane ikkje har minka med åra. Denne meldinga omhandlar ikkje evt. vidareføring fram til Bergen. Kommunen vil difor krevja ei viss utgreiing om trongen for ny linje Samnanger – Bergen som fylgje av den nye planlagde linja eller om det finst andre alternativ som ikkje krev ny linje vidare mot Bergen på kort eller lang sikt.

Kommunen vil koma med fylgjande krav som må innarbeidast i endeleg KO program.

1. Kommunen stør kravet frå Hardangerkommunane (Hardangerrådet) om utgreiing av kabling i sjø/jord av linja i staden for luftspenn. Me set då krav om at dette må omfatta heile strekninga og ikkje berre sjøkabel.
2. Det er og kome forslag om utgreiing av kabel kombinert med biltunnel under Kvamskogen. Kommunen stiller seg positiv til at dette bør utgreiast, men stiller som krav at også konsekvensane for dei områda som vert råka av eit slikt tiltak vert utgreidd. Forslaget om tunnel syner m.a. innslag i Mørkhølen. Kommunen viser til at tiltaket vil koma i kontakt med det freda Eikjedalsvassdraget. Mørkhølen med fossen er og eit særst verdifult naturområde med stor interesse for turistar. Det er såleis viktig å sjå korleis tilhøva vil verta med innslag ved Mørkhølen og kva alternative løysingar som finst for å unngå for store inngrep. Ein tunnel under Kvamskogen vil og føra til auka trafikk på RV 7 gjennom Samnanger. Konsekvensar av dette og kva tiltak som må gjerast for resten av RV 7 gjennom Samnanger må og utgreiast.
3. I arbeidet med å vurdera konsekvensane må det takast særleg omsyn til at linjene vil gå gjennom eit verna vassdrag.
4. Det må utgreiast meir konkret kva evt. ei ny 420 kV linje Sima – Børdal vil ha for trongen for ny 300 (420) kV linje Samnanger – Bergen. Ein kjenner til at BKK nyleg har utarbeidd ein kraftforsyningsplan for Bergensområdet. Konklusjonane her må innarbeidast i konsekvensutgreiinga slik at den i best mogleg grad vil synleggjera om det er trong for ny linje til Bergen frå Børdal eller kva andre alternativ som finst. Bakgrunnen for dette kravet er at både folkemøte og erfaring frå konsesjonssøknaden frå BKK i 1996 viser at det er svært stor motstand mot å få enda ei stor kraftlinje gjennom kommunen.

#### **Handsaming i møte:**

**Bright Olav Gåsdal** sette fram følgjande framlegg: Som tilråding med følgjande endring: Pkt 4 vert pkt 1. Dei andre punkta vert som i tilrådinga med tillegg av 1. (nr. 1 vert nr. 2. Nr 2. vert nr. 3 og nr. 3 vert nr. 4)”

Det vart røysta alternativt over framlegget til vedtak og framlegget frå Gåsdal.

Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Saka gjeld Statnett sine planar om bygging av ny 420 kV kraftlinje frå Sima til Børdal i Samnanger. Statnett har førehandsmeldt to alternative trasèar gjennom Samnanger. Begge alternativa viser linje i luftspenn.

Samnanger kommune er i hovudsak einig med forslag til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) og dei tema som skal utgreiast. Av dei ulike alternativa som det er vist til i KU-programmet, synest det før konsekvensane er utgreidd som alternativ 1.0 er det beste for Samnanger sin del. Dette alternativet vil fylgja eksisterande 132 kV linje gjennom Samnanger til Børdalen. Det andre alternativet vil gå nord om Svartavatnet og møte eksisterande 300 kV linje sør om Kvanndalsvatnet.

Etter folkemøte om linja, konkluderar me med at det folk i Samnanger er mest oppteken av er om denne linja på lang eller kort sikt vil tvinga fram ei ny stor 300 (420) kV linje gjennom Samnanger, slik BKK hadde planar om i 1996. Det var i 1996 svært sterke protestar mot begge alternativa som BKK la fram. Kommunen har inntrykk av at motstanden mot desse planane ikkje har minka med åra. Denne meldinga omhandlar ikkje evt. vidareføring fram til Bergen. Kommunen vil difor krevja ei viss utgreiing om trongen for ny linje Samnanger – Bergen som fylgje av den nye planlagde linja eller om det finst andre alternativ som ikkje krev ny linje vidare mot Bergen på kort eller lang sikt.

Kommunen vil koma med fylgjande krav som må innarbeidast i endeleg KO program.

1. Det må utgreiast meir konkret kva evt. ei ny 420 kV linje Sima – Børdal vil ha for trongen for ny 300 (420) kV linje Samnanger – Bergen. Ein kjenner til at BKK nyleg har utarbeidd ein kraftforsyningsplan for Bergensområdet. Konklusjonane her må innarbeidast i konsekvensutgreiinga slik at den i best mogleg grad vil synleggjera om det er trong for ny linje til Bergen frå Børdal eller kva andre alternativ som finst. Bakgrunnen for dette kravet er at både folkemøte og erfaring frå konsesjonssøknaden frå BKK i 1996 viser at det er svært stor motstand mot å få enda ei stor kraftlinje gjennom kommunen.
2. Kommunen stør kravet frå Hardangerkommunane (Hardangerrådet) om utgreiing av kabling i sjø/jord av linja i staden for luftspenn. Me set då krav om at dette må omfatta heile strekninga og ikkje berre sjøkabel.
3. Det er og kome forslag om utgreiing av kabel kombinert med biltunnel under Kvamskogen. Kommunen stiller seg positiv til at dette bør utgreiast, men stiller som krav at også konsekvensane for dei områda som vert råka av eit slikt tiltak vert utgreidd. Forslaget om tunnel syner m.a. innslag i Mørhølen. Kommunen viser til at tiltaket vil koma i kontakt med det freda Eikjedalsvassdraget. Mørkhølen med fossen er og eit særst verdifullt naturområde med stor interesse for turistar. Det er såleis viktig å sjå korleis tilhøva vil verta med innslag ved Mørkhølen og kva alternative løysingar som finst for å unngå for store inngrep. Ein tunnel under Kvamskogen vil og føra til auka trafikk på RV 7 gjennom Samnanger. Konsekvensar av dette og kva tiltak som må gjerast for resten av RV 7 gjennom Samnanger må og utgreiast.
4. I arbeidet med å vurdere konsekvensane må det takast særleg omsyn til at linjene vil gå gjennom eit verna vassdrag.

0039/05

**E 16 ARNATUNNELEN****Handsaming i møte:**

**Øyvind Røen** sette fram følgjande framlegg:

”Samnanger kommune meiner at konsekvensutgreiinga som Statens Vegvesen har lagt fram, ikkje gjev grunnlag for å byggje vegtunnel mellom Arna og Bergen. Utgreiinga er ikkje grundig nok når det gjeld konsekvensane tunnelen vil ha for togtilbodet mellom Arna og Bergen. Sameleis er det for usikkert korleis trafikk- og miljøsituasjonen i Bergen sentrum vil verte påverka av ein ny vegtunnel. Samnanger kommune merkar seg òg at konsekvensutgreiinga reknar med at tunnelen gjev så stor auke i trafikken mellom Arna og Bergen at dei totale utsleppa av gassar ikkje vil gå ned.

Samnanger kommune meiner at dobbeltspor på jernbana frå Arna til Bergen må prioriterast. Saman med andre tiltak (t.d. fleire parkeringsplassar i Arna) vil dette vera ei meir miljøvennleg og framtidsretta løysing enn tunnelen.

Viss arbeidet med vegtunnel likevel vert ført vidare, er det heilt avgjerande at utbygginga av jernbanen kjem først, slik at eit reisemønster med fleire togreisande får festa seg. Ein bør òg stilla krav om at ein vesentleg del av bilparken kan bruka alternative energiformer før det vert opna for meir biltrafikk i Bergen sentrum.”

**Brigt Olav Gåsdaal** sette fram framlegg om å slutta seg til vegutvalet sin uttale:

”Kommunestyret vedtek uttale frå Vegutvalet i Samnanger (vedlegg k-sak 39/05) som sin uttale til høyringa om konsekvensutgreiing om E 16 - Arnatunnelen.”

Det vert røysta alternativt over Gåsdaal sitt framlegg til uttale og Røen sitt framlegg.

Gåsdaal sitt framlegg vart vedteken med 12 røyster, og 9 røysta for Røen sitt framlegg.

**Vedtak:**

###Samnanger kommune stiller seg positiv til Arnatunnelen. Arnatunnelen kan bidra til å styrkja befolkningsgrunnlag, næringsliv og busetnad i Arna og distriktskommunane mot aust. For næringslivet vil tunnelen gje betre og raskare transport mellom Bergen og omlandet. Dette gjeld særleg aust-vest-aksen.

Ein reduksjon i veglengda på 14-16 km vil klart merkast. Samnanger kommune vil difor vektleggja dei miljøgevinstane ein tek inn ved å sleppa omkøyning om Åsane og Nesttun. Samnanger kommune meiner det hadde vore ynskjeleg å byggja dobbelt jernbarnespor før eller samtidig med vegtunnelen, men set at det vil gå svært lang tid før prosjektet vert gjennomført. Samnanger kommune sluttar seg vidare til vedlagde uttale frå Samnanger næringsforum

0040/05

**BOMPENGESØKNAD "KVAMMAPAKKEN".****Handsaming i møte:**

**Inge Aasgaard** sette fram følgjande framlegg som vart samrøystes vedteke:

Samnanger kommunestyre rår frå realisering av bompengoordninga i ”Kvammapakken”.

**Vedtak:**

Samnanger kommunestyre rår frå realisering av bompengeordninga i "Kvammapakken".